

## Publikumsinformasjon

# Framgangsmåte ved søknad om støtte til fiberutbygging i Bygland kommune

---

1. Dugnadsområde sine kontaktpersonar presenterer ei felles interesseliste til leverandør.
2. Leverandør bereknar kostnad knytt til ei tradisjonell utbygging. Kostnadsberekninga er vegleiane, og gjev alle partar ein tanke om kva ein står ovaføre.
3. Med utgangspunkt i kostnadsberekninga som er laga i punkt 2 kan leverandøren take eit møte med kontaktpersonen for området ( lokalkunnskap er nøkkelen ). Saman kuttar ein ned på dei kostbare elementa i eit prosjekt ( gravemaskin, felles føringar, «øde trassear» ). Det må også kartleggjast kva for ressursar som finst i området, og som truleg kan brukast. Eventuelle hinder bør det også på dette tidspunktet opplyst om.
4. Leverandøren produserer ei ny berekning og presenterer det nye reknestykket til dugnadsområdet. Naudsynte justeringar blir utført i tett samarbeid mellom leverandør og området sin kontaktperson.
5. Tiltaket skal også søkjast om jf krav i Plan – og bygningsloven. Kontaktpunkt for søknaden er Bygland kommune som handsamar søknaden og fattar vedtak.
6. Definerings av rollar i høve Plan – og bygningsloven:
  - Tiltakshavar: Dugnadsområde
  - Ansvarleg søkjar: Nettselskapet
  - Ansvarleg utførande: Nettselskapet
- 6.1 Tiltaket må ikkje vere i strid med arealføremålet i kommuneplanen. Dvs skal det leggjast fiber i såkalla LNF – område, så krev dette dispensasjonshandsaming av omsyn til å vurdere eventuelt sårbart naturmiljø eller freda kulturminne e . l i leidningstraseen.
- 6.2 Det er laga ei eiga sjekklister i høve framgangsmåte og moment som tiltakshavar og ansvarleg søkjar må take omsyn til jf plan – og bygningsloven. Lenke til PBL: <http://lovdata.no/lov/2008-06-27-71>

- 6.3 I LNF – område vatn og land skal det sendast skriftleg søknad om dispensasjon frå arealføremålet. I område avsett til t d bustadområde, er det ikkje nødvendig med dispensasjon frå arealføremålet. Kart som syner kabeltrace skal leggjast ved i høve eventuell søknad etter plan – og bygningsloven og til søknad om økonomisk støtte dersom området er regulert til anna enn LNF - føremål.
7. Ved alle søknadar skal det leggjast ved skriftleg samtykkje frå alle grunneigarane kabelen skal krysse. Dette samtykkje skal gjeve rett til legging og vedlikehald av kabelen.
  8. Søknad om økonomisk støtte blir handsama etter at det føreligg positivt vedtak jf plan – og bygningsloven sine reglar.
  9. Kontaktperson frå den aktuelle grenda / området sender søknad til kommunen om økonomisk stønad til prosjektet basert på kostnadsalkyle i punkt 4 saman med vedtak om legging av kabel jf plan – og bygningslova.
  10. Kommunen handsamar søknad om økonomisk støtte og gjev tilbakemelding om vedtak.
  11. Ferdig resultat blir presentert kundane i dugnadsområdet. Blir dette godteke, så blir det teikna kontrakt mellom leverandør og dei involverte partane, og arbeidet kan starte opp.
  12. Tilskottet blir utbetala til brukarane når det føreligg skriftleg erklæring frå nettleverandør om at alle er tilkøpla. Denne erklæringa skal også dokumentere reelle kostnadar inklusiv timar med dugnadsinnsats.